

Medlemsundersøking for Mållaget i Kristiansand november 2018

Våren 2018 vedtok styret å utgreia stoda for medlemsmassen. Arbeidet var todelt; fyrst ein oppdatert medlemsstatistikk i mars og så gjennomføre ei spørjeundersøking for medlemmane i haust. Resultatet er no samla og skal leggjast fram for årsmøtet 12. februar.

Medlemsutvikling 1987-2017:

1987	1988	1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
138	144	125	134	119	115	113	108	100	92	86	81	76	81	82	88	88	83	81	84	97	101	105	119	116	129	130	130	129	127	129

Rekorden vart sett i 1988 med 144 medlemmer og lågmålet var i 1999 med berre 76. Ganske stabilt sidan 2012. Når det gjeld demografien for noverande medlemmar er kjønnsdelinga i perfekt balanse med 64/64.

Aldersdelinga er slik: 90+ 5, 80-89 19, 70-79 32, 60-69 30, 50-59 14, 40-49 8, 30-39 6 og 30- 1. Totalt 115 som tydar på at alder ikkje er registrert for alle 128. Gjennomsnittleg alder er 68 år som samsvarar bra med medianen på 68,5 år. Konklusjonen er at det er tynt med medlemmar under 60 år sidan 75 % er 60+ og 49 % er 70+. Det var kanskje ikkje så uventa, men no er det i alle fall talfesta. På landsbasis er gjennomsnittsalderen i NM 60 år. Medlemstalet ved utgangen av 2018 er 128.

Spørjeundersøkinga 1-30. november (rådata sjå side 2-7):

Undersøkinga vart send elektronisk som ei lenkje med e-post 1. november, med purring 20. Mållaget sende e-post til 95 medlemmar og av desse har 50 sett på undersøkinga, 25 tatt til og 23 fullført. 33 medlemmar har fått skjemaet i posten. Av desse 23 er 4 motteke på papir og så registrert inn i same system. To er levert under medlemsmøte og to sende i posten. Med 23 svar av 128 medlemmar er deltakinga på 18 %. Det er eit brukbart resultat, sjølv me kunne vona fleire deltok. Truleg har dei mest engasjerte tatt del. I gjennomsnitt har dei brukt 3 minutt og 22 sekund på å svara.

36 % har vore medlem i meir en 20 år, 12% 10-19 år, 24 % 4-9 år og 28 % 1-3 år. Det gjev oss ei god blanding og det er positivt at såpass mange nye medlemmar har delteke.

28 % svara at dei ikkje hadde delteke på medlemsaktivitetar i år, 4 % på ein, 12 % på to, 12 % på tre, 20 % på fire og 24 % på 5 eller fleire. Fint at mange som ikkje deltok svarte, slik at deira syn òg kjem med.

14 svara kva dei likte best. 3 nemnar dialektreisa til Martin Skjekkeland og 2 held på Eskil Skjeldal som snakka om boka si. Mange var godt nøgde med det meste. 11 hadde svara på kva dei likte minst, men det kom mest godord sjølv om alt ikkje var like bra. Det tyder på at det meste har vore bra, men at me kanskje må vurdere nokre tiltak meir kritisk. Ikkje minst dei som kostar mest. Reserveopplegg med lokale krefter kan vurderast.

80 % vil vere med på mållagsmøte i 2019 og berre ein (4 %) svara nei. Dei 16 % som svara veit ikkje vil truleg sjå an program og tidspunkt. 13 % meinte 1-3 møte i året var nok. 39 % ynskte seg 4-6 møte, 43 % 7-9 og 4 % 10-12. Det var litt spreiding, men eg tolkar det slik at noverande frekvens med eit møte i månaden er bra. Det er òg uvisst korleis deltakarane har telt jole møte og årsmøte. Når det gjeld aktivitetar og tema var dei mest populære dialektar (20), litteraturkveld (18), bokbad (16), lokalhistorie (13) og filosofi (11). Resten fekk 1-6 røyster, men det kan jamvel vere idear som kan kombinerast.

Siste punkt var ei meir open tilbakemelding og her kom det mykje ulikt. Samarbeid med AOF (språkkurs), biblioteket og domkyrkja er nemnd. Det same er meir allsong med tonefylgje. Fokus på språk og litteratur var kanskje viktigast. Serveringa kan gjerast enklare. Finna noko som treff yngre. Kjende namn hjelper. Ein stad for gode samkome!

Vegen vidare:

1. Fokuser på rekruttering og innarbeiding av yngre medlemmar
2. Vidareutvikle mållagsmøta til ein møteplass for dei litteratur- og språkinteresserte i Kristiansand
3. Verta ein markert forkjempar for nynorsk i Kristiansand og på Agder
4. Mål om 150 medlemmar i 2020 (NM 14.000)

RR 30. november 2018.

Medlemsundersøking for Mållaget i Kristiansand november 2018

Undersøkinga er anonym og gjennomførast i perioden 1-30. november 2018. Målet er å få svar på kva slags aktivitetar medlemmane ynskjer seg. Undersøkinga tek berre nokre minutt å svara på. Resultatet vil vere eit viktig innspel for utgreiing av vegen vidare for Mållaget.

Spørsmål merka med * må fyllast ut.

1. Kor lenge har du vore medlem av Mållaget i Kristiansand? *

1-3 år	4-9 år	10-19 år	Over 20 år
--------	--------	----------	------------

2. Kor mange av våre aktivitetar har du delteke på i 2018? *

Ingen	1	2	3	4	5 eller fleire
-------	---	---	---	---	----------------

3. Kva likte du best?

4. Kva likte du minst?

5. Ynskjer du å delta på mållagsmøte i 2019? *

Ja	Nei	Veit ikkje
----	-----	------------

6. Kor mange mållagsmøte synast du er passe i året? *

0	1-3	4-6	7-9	10-12	13 eller fleire
---	-----	-----	-----	-------	-----------------

7. Kva slags aktivitetar og tema ynskjer du i Mållaget? *



Her kan du merke av for så mange du vil og leggja til andre alternativ nedst.

Bokbad	Dialektar	Filosofi	Folkedans	Integrering
Lesesirkel	Litteraturkveld	Lokalhistorie	Lyrikksamling	Matlaging
Språkkafé	Språkkurs			

8. Har du andre idear, råd eller tips du vil gje til styret?


Tusen takk for at du deltok!

Medlemsundersøking for Mållaget i Kristiansand november 2018



Kor lenge har du vore medlem av Mållaget i Kristiansand?


Number of responses: 25



Medlemsundersøking for Mållaget i Kristiansand november 2018

Kor mange av våre aktivitetar har du delteke på i 2018?

Number of responses: 25



Kva likte du best?

Number of responses: 14

Text answers:

E. Skjeldal 20/3. Alvorleg, gripande tema. God framføring.

Ferdaminne

Den gode maten, gjerne variasjon til kake/rundstykke

Alt

Gudlaug Nedrelids foredrag om litteratur frå Færøyene

Dialog om tema

Dialektprogrammet med Skjekkeland

Alle. Vinje-kvelden var fin.

Eg liker at det finnest eit mållag som går inn for å verne om nynorsken

Medlemsundersøking for Mållaget i Kristiansand november 2018

Eskil Skjeldal

Foredrag om aktuelle tema. Om dialektar, nynorsk, stadnamn, personnamn, språkhistoriei

Foredrag av Olav Vesaas

Dialektreisa

Dialektreisen

Kva likte du minst?

Number of responses: 11

Text answers:

Y. Kvistad 13/11. Dårlig framføring. Lydforsterkar ikkje i bruk.

Ingenting

Literaturkveld. Møte forfattere.

Dårlig oppmøte, formykje med to møte i månaden

Alt eg var på, likte eg i grunnen. Og dei tre arrangementa eg var på i tillegg til Færøyene-arrangementet, likte eg omtrent like godt.

Dikt

Alle var fine, kvar på sin måte

Husker ikke. Jeg går aldri på lyrikk-kvelder

--

Alle arrangement var OK


Alle arrangement var OK

Ferda-Vinje

Medlemsundersøking for Mållaget i Kristiansand november 2018


Ynskjer du å delta på mållagsmøte i 2019?

Number of responses: 25



Kor mange mållagsmøte synast du er passe i året?


Number of responses: 23



Medlemsundersøking for Mållaget i Kristiansand november 2018

Kva slags aktivitetar og tema ynskjer du i Mållaget?

Number of responses: 23



Har du andre idear, råd eller tips du vil gje til styret?

Number of responses: 7

Text answers:

Meir allsong med tonefylgje.

Italiensk språkkafe, samarbeid med skular, AOF som undervisning i italiensk. Samtaletrening. Eventuelt spansk, fransk, islandsk. Samkome utan lovnad om mat/servering. Lyrikkksamkome der du deklamerer egne dikt!

Dei møta som har trekt flest folk, har ofte vore møte der ein har hatt litteratur eller språk som tema, og der føredragshaldaren har hatt eit "namn". Vedkomande treng slett ikkje vere kjendis, men er gjerne ei eller ein som kulturinteresserte folk har høyrte om. Kanskje er det betre med nokre få markante møte med kjende folk, enn fleire møte med ukjende folk.

Biblioteket har sin eigen agenda som litteraturhus, men kanskje kunne ein hatt som mål å få til eit fellesarrangement i biblioteket ein gong i året, der ein fekk ned ein kjend nynorskforfattar. Mogleg høve til å få markert mållaget for folk som ikkje kjenner det. og også eit høve til å sjå mållaget litt "på byen". Kvitvin på eit mållagsarrangement er då f.eks. mogleg, osv.

Sjølv om nynorsk gudsteneste med kyrkjekaffi kanskje er livssynsmessig problematisk for nokre mållagsfolk, meiner eg ein bør halde på den gode kontakten som har vore med Domkirken. Nynorsk kyrkjespråk er ei viktig kultursak, og sang-/salmetradisjonen er ein viktig litterær tradisjon i målhistoria, som framleis blir halden i hevd (jf. Edvard Hoem m.fl.). Domkirken framstår også som ein svært kulturåpen kyrkjelyd som er interessert i få til noko med mållaget.

Framtidens språksituasjon i Norge.

Viktig å satse på aktivitetar som fengjer ungdommen. Høy alderssammensetning blant medlemmene. Styret bør vurdere samarbeid med biblioteket. Elles er det rart at denne programvaren ikkje handterer nynorsk!

Foredrag om språk og litteratur er viktige

Eg meiner laget har veldig mange flotte arrangement og møte. Når eg ikkje har vore til stades meir enn eg har, er det for skuld andre møte og ting eg er nøydd til å vera med på. Eg vonar å få meir tid til å vera med i tida som kjem.